

Vedtekter for Ungdomsrådet i Høyanger

vedtekne av Ungdomsrådet i Høyanger sak 4/99 – 29.01.99, med endring gjort i møte 05.06.00 – sak 3/00, og endring gjort i Formannskapet 07.06.04, F.sak 04/0076. Endring gjort i kommunestyret. 15.12.2020, sak 081/20

§ 1 Føremål

- 1.1 Ungdomsrådet skal vere eit uavhengig organ, som arbeidar for å gje ungdommen større innflytelse - gjennom aktiv deltaking og medverknad i politiske prosessar. Ungdomsrådet kan gje råd til kommunen eller fylkeskommunen slik at kommunestyret eller fylkestinget har eit betre grunnlag for å ta avgjerd. Ungdomsrådet skal skape grobotn for at ungdom får engasjere seg politisk og lære om politiske prosessar og arbeid.

§ 2 Rettar og plikter for rådet

- 2.1 Ungdomsrådet skal vere;
- eit talerøyr for å sikre barn og ungdom sine interesser. Rådet skal uttale seg om alle relevante saker som vedkjem barn og ungdom, dei kan og ta initiativ til å ta opp saker.
 - kontakt- og samarbeidsorgan mellom kommunen og ungdomen.
- 2.2 Ungdomsrådet har talerett i utval, formannskap og kommunestyre.
- 2.3 Rådsmedlemmer har krav på betaling arbeidet dei gjer, kommuneloven § 8-4. Kommunestyret fastsett satsane. Ref. Folkevalde sine arbeidsvilkår.
- 2.4 Medlemmer i rådet har krav på godtgjersle for reiser i samband med arbeidet i ungdomsrådet, etter gjeldande reglar.
- 2.5. Rett til fri frå skule og jobb.
- Jamfør opplæringslova kan elevar i vidaregåande skule krevje opp til ti skuledagar dokumentert fråvær per skuleår som ikkje blir ført opp på vitnemålet.
 - Jamfør opplæringslova kan elevar i ungdomsskulen har møteplikt til alle timer.

§ 3 Samansetjing av rådet

- 3.1 Ungdomsrådet bør vere samansett av personar med ulik erfaring og bakgrunn. Eksempel på dette kan vere ungdom med funksjonsnedsetting eller minoritetsbakgrunn. I tillegg bør ein ta omsyn til at medlemmane kjem frå heile kommunen.
- 2.2 Ungdomsrådet i Høyanger kan vere samansett med inntil 11 representantar med personlege vararepresentantar i alderen f.o.m. 8. klasse t.o.m. 22 år. For å sikre ei geografisk spreiding ønsker ein at elevråda på skulane kjem med forslag til representantar.

Fordelinga kan sjå slik ut:

- Høyanger skule representert med til saman 3 representantar.
- Lavik skule representert med 2 representantar
- Bjordal skule representert 2 representantar
- Høyanger vidaregåande skule representert med 2 representantar
- Alle representantane skal ha ein personleg vara.
- Ungdomsrådet kan, etter søknad, ta opp inntil 2 nye medlem i rådet. Søknad om opptak blir annonsert på heimesida.

3.3 Det er kommunestyret som vel ungdomsrådet. Ungdomsrådet kan sjølv legge fram framlegg til medlemmar, leiar og nestleiar.

3.4 Som folkevalt organ må ungdomsrådet ta omsyn til kommunelova sitt krav om kjønnsbalanse. Begge kjønn skal vere representert med minimum 40 prosent.

§4 Møte i Ungdomsrådet

4.1 Medlemene i rådet har både rett og plikt til å delta i møta. At medlemmene har plikt til å møte, det betyr at dei må komme på møta i rådet med mindre dei har gyldig forfall.

4.2 Ungdomsrådet skal halde minimum to møter i året.

4.3 Møta skal haldast på Høyanger Rådhus, eller andre stader i kommunen som leiaren avgjer.

4.4 Alle vedtaka gjerast med simpelt fleirtal. Ved like røystetal, er leiaren si røyst avgjerande.

4.5 Rådet er vedtaksført når minst halvparten av representantane er til stades.

4.6 Ungdomsrådet skal ha møte etter politisk møteplan, jamfør folkevalde sine arbeidsvilkår. Eller når leiaren finn det påkravd, eller når minst tre av representantane krev det.

§ 5 Økonomi og administrasjon

5.1 Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har fått tildelt.

5.2 Midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

5.3 Rådsmannen peikar ut sekretær for Ungdomsrådet. Sekretærfunksjonen inneber utsending av innkalling og sakliste til alle representantane minst ei veke før møtet, føring av møtebok.

5.4 Møtebok blir sendt til alle representantar, vararepresentantar og vert publisert på heimesida til kommunen.

§ 6 Endring av vedtektene

6.1 Endring i vedtektene blir vedtatt av kommunestyret.